

SVEIO KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tirsdag 30. januar 2018

Tid: kl. 18.00

Sted: Kommunestyresalen, Sveio kommunehus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no.

Sakliste:

- 1/18 Godkjenning av protokoll frå møtet 07.11.17
- 2/18 Prosjektplan – forvaltningsrevisjon - «Saksførebuing og vedtaksoppfølging»
- 3/18 Deltaking i selskapskontroll - Karmsund Havn IKS
- 4/18 Kontrollutvalet si årsmelding 2017
- 5/18 Referat- og orienteringssaker 30.01.18

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 23.01.18

Olav Haugen
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi:	Ordførar	(møte- og talerett)
	Revisor	(møte- og talerett)
	Rådmann	(invitert)
	Varamedlemmer	(til orientering)
	Presse/publikum	

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	30.01.18	01/18
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 07.11.17

Vedlegg: Protokoll frå møtet 07.11.17

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 07.11.17 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 07.11.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 23.01.18



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 7. november 2017 blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Olav Haugen.

MØTESTAD:	Kommunestyresalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 19.55
MØTANDE MEDLEMMER:	Olav Haugen (KrF), Hans Christian Andersen (FrP), Torill Hagland (H) og Heidi Selsås (A)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Helga Reinertsen (Sp)
FORFALL:	Gustav Eidsvåg (FrP)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS Forvaltn.revisor Ingrid Kalsnes i sak 16/17
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Jostein Førre t.o.m. sak 17/17 kl.19.00
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	I sak 20/17 blei pkt. 32 og 33 lagt til.

Utvalsleiar ønskte den nye rådmannen og forvaltningsrevisor spesielt velkommen.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 15/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12.09.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møtet i kontrollutvalet 12.09.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 07.11.17:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.11.17:

Protokollen frå møtet i kontrollutvalet 12.09.17 blir godkjent slik han føre.

SAK 16/17 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT FOR 2018 – TINGING AV PROSJEKTMANDAT

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "....." til neste møtet på nyåret 2018.

Sveio kontrollutval er positiv til ein invitasjon til felles selskapskontroll om Karmsund Havn IKS. Sveio kontrollutval gjer utvalsleiar fullmakt til å godkjenne den prosjektplan som Karmøy kontroll- og kvalitetsutval vel.

Handsaming i kontrollutvalet 07.11.17:

Utvalsleiar innleia. I følgje han kunne utvalet anten følgje planen ved å velje prosjekt nr 2 i planen eller fråvike planen med å velje eit anna prosjekt. Rådmannen viste til at nyleg rapport om internkontroll vil også system for vedtaksoppfølging bli inkludert. Han meinte difor prosjekt på dette ikkje var naudsynt.

Utvalsleiar gav uttrykk at han ønskte å følgje planen. Han viste til kommentarar som hadde kome fram under gårsdagens kommunestyremøte, samt at planen var vedteken av kommunestyret. Forvaltningsrevisor gjorde så greie for kva prosjektet kunne innehalde. Utvalet støtta utvalsleiar sitt syn.

Når det gjaldt selskapskontroll stilte utvalet seg positiv til eit fellesprosjekt og fullmakt til utvalsleiar til å godkjenne prosjektmandat.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.11.17:

Sveio kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vedtaksoppfølging." til neste møtet på nyåret 2018.

Sveio kontrollutval er positiv til ein invitasjon til felles selskapskontroll om Karmsund Havn IKS. Sveio kontrollutval gjer utvalsleiar fullmakt til å godkjenne den prosjektplan som Karmøy kontroll- og kvalitetsutval vel.

SAK 17/17 RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar rådmannen sitt budsjettframlegg til Sveio kommune sitt budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 07.11.17:

Rådmann Jostein Førre orienterte og viste nøkkeltal og hovudpunkta i sitt framlegg. Framlegget var presentert for kommunestyret dagen før. Det er eit stramt budsjett med berre 5,7 mill. kr i netto driftsresultat i 2018. Det utgjer 1,25 %, men burde vore på minst 1,75 %. Siste år i økonomiplanen viser negativt netto driftsresultat. På bakgrunn av tidlegare vedtak er det sett opp eit ekspansivt investeringsbudsjett/plan (Sveio skule og nytt badeanlegg). Han viste til at mykje spanande er under planlegging i Sveio (Vikingland, Sveioåsen, Økland-senteret og IKT-samarbeid på Haugalandet). Han peika på at innan barnehagane ville det vere mest å hente økonomisk ved omorganisering til større einingar.

Han avslutta med å gje ein presentasjon av seg sjølv med omsyn til utdanning og arbeidserfaring, sist som rådmann i Osterøy kommune.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.11.17:

Kontrollutvalet tar rådmannen sitt budsjettframlegg til Sveio kommune sitt budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 til orientering.

SAK 18/17 REVISJONSPLAN 2017

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar revisjonsplan 2017 for rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå revisor til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 07.11.17:

Revisor Else Holst-Larsen orienterte og viste planen på skjerm. Ho gjorde greie for omfang og angrepsvinklar, orienterte om vesentlegheitsgrenser, fokusområder, verdiar og eignerklæringa. Revisor svara på spørsmål undervegs.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.11.17 :

Sveio kontrollutval tar revisjonsplan 2017 for rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå revisor til orientering.

SAK 19/17 MØTEPLAN 2018 - KONTROLLUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2018:

tysdag 30.01, 24.04, 19.06, 11.09 og 13.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 07.11.17:

Sekretær orienterte. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.11.17 :

Sveio kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2018:

tysdag 30.01, 24.04, 19.06, 11.09 og 13.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 20/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 07.11.17

23. Statusoversikt - oktober 2017

24. Komm.styrevedtak 25.09.17, sak 73/17- Forvaltningsrevisjonsrapport – «Internkontroll»

25. Kommunestyresak 06.10.17, sak 85/17 – Tertialrapport 31. august 2017

26. Innkalling til ekstraord. generalforsamling i Haugaland Kraft AS den 14.11.17

27. Sekretariatet sitt brev - innsynsrett – Haugaland Kraft AS

28. Sekretariatet sitt brev – tilbod på revisor oppdrag og prosjektplan – Karmsund Havn IKS

- 29. Legemeldt sjukefråver – 1. halvår 2017 – kommunar på Haugalandet
- 30. Kommunal rapport – professor Bernt svarar – «Når kommunestyret har hastverk»
- 31. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland- program – påmelding
- 32. Innkalling til ekstraord. generalforsamling i Haugalandspakken AS den 30.10.17
- 33. Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutval i Hordaland 29.- 30.01.18

Handsaming i kontrollutvalet 07.11.17:

Utvalssekretær gjekk igjennom sakene. Det er no gjort framlegg om innsynsrett for kontrollutval og revisor blir tatt inn som eige punkt i vedtektene til Haugaland Kraft AS. Leiar hadde i år ikkje høve til å delta på Haustkonferansen og oppmoda dei andre til å delta. Torill Hagland skulle gje tilbakemelding til sekretariatet. Innkallinga om Haugalandpakken AS var tatt med i sakskartet, men saksnummer var uteglemt.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 07.11.17:

Kontrollutvalet tar referatsakene 23-33 til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt.

Neste møte

Etter møteplanen er dato sett til 30. januar 2018.

Sveio/Aksdal, 7. november 2017

Olav Haugen
kontrollutvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	30.01.18	2/18
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – «SAKSFØREBUING OG VEDTAKSOPPFØLGING»

Vedlegg: Deloitte: Utkast til prosjektplan- «Saksførebuing og vedtaksoppfølging»
(vedlegg med timebudsjett er ikkje off., Offl § 13/Forv. § 13)

Saksorientering:

I møtet 07.11.17, sak 16/17 ba kontrollutvalet Deloitte As om å leggje fram utkast til prosjektmandat innanfor temaet «vedtaksoppfølging» til neste møtet på nyåret. Utkast til plan blei oversendt sekretariatet 22.01.18. Manager Kari Gåsemyr skriver i oversendinga følgjande:

Sjå vedlagte utkast til prosjektplan til Sveio kommune. Vi har valt å inkludere problemstillingar knytt til saksførebuing av politiske saker i prosjektet. Eg vil gjere nærare greie for dette forslaget i kontrollutvalsmøtet.

Bakgrunn

Temaet er sett opp som nr 2 blant dei prioriterte tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som vart vedteke i kommunestyret 31.10.16, sak 111/16.

Føremål og problemstillingar

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektplan at føremålet med prosjektet er å vurdere om det er etablert system og rutinar som sikrar at politiske vedtak blir saksutgreia, registrert og iverksett. Det er også et føremål å undersøkje om kommunen har etablert tilstrekkeleg system og rutinar for rapportering knytt til vedtaksoppfølging.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

- 1. I kva grad er det etablert system og rutinar som sikrar ei forsvarleg saksførebuing av politiske saker?**
- a) Er det etablert malar/sjekklistar som kan nyttast som støtte/hjelpemiddel i samband med utarbeiding av politiske saker?
- b) I kva grad blir det gjennomført systematiske konsekvensanalysar i saksførebuingane (t.d. med omsyn til økonomi, miljø osv.)?

- c) *I kva grad blir det føreslått framdriftsplanar og fristar for gjennomføring i administrasjonen sine saksutgreiingar og forslag til vedtak?*
- d) *Er det etablert retningslinjer for kvalitetssikring og godkjenning i prosessen med utarbeiding av politiske saker?*
2. ***I kva grad har administrasjonen eit system for å sikre iverksetting, gjennomføring og oppfølging av politiske vedtak?***
- a) *I kva grad er det etablert rutinar for å avklare/tolke politiske vedtak dersom noko framstår som uklart?*
- b) *I kva grad er det etablert system for registrering av politiske vedtak, som også dokumenterer status for oppfølging eller iverksetting?*
3. ***I kva grad blir det rapportert til politisk nivå om oppfølginga av vedtak og eventuelle avvik i høve planlagt framdrift?***
- a) *Opplever politisk leiing og utvalsleiarar at dei har tilstrekkeleg oversikt over status når det gjeld iverksetting og oppfølging av vedtak?*
- b) *I kva grad fører administrasjonen oversikt over eventuelle avvik knytt til oppfølging av politiske vedtak?*
- c) *I kva grad har kommunen rutinar for å følge opp eventuelle avvik?*
- d) *Er det etablert rutinar og retningslinjer som omtalar kva opplysningar rapportering til politisk nivå om vedtaksoppfølging skal innehalde?*
- e) *Har kommunen rutinar for å gje tilbakemeldingar til politisk nivå dersom det oppstår uventa hendingar som påverkar iverksetting/oppfølginga av vedtaka?*

Prosjektet tar for seg politiske vedtak fatta i kommunestyret og politiske utval. Administrative vedtak som er vedtatt etter delegeringsreglementet er ikkje omfatta av dette prosjektet.

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 250 timar. Det inkluderar førebuing, utarbeiding av prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse og utarbeiding og kvalitetsikring av rapport.

Timane er innanfor det som kommunestyret har sett av i budsjettet til forvaltningsrevisjon i 2018.

Revisjonskriteria knytte dei ulike krava og omgrep er omtalt i kapittel 2 i planen. Dei metodaer som vil bli nytta vil vere dokumentanalyse, intervju, stikkprøvegjennomgang og verifisering og høyring. Prosjektleiar vil vere Kari Gåsemyr og i teamet prosjektmedarbeidar Kjersti Gjuvslund. Dette er det skrevet meir om i kapittel 3.

Når det gjeld aktivitetsplan/timebudsjett har Deloitte bede om at den ikkje vert gjort offentleg. Det syner selskapet si disponering av ressurar og dei meiner dette er informasjon som dei av konkurranseomsyn vil halde hemmeleg. Sekretariatet har teke ut dette vedlegget, med heimel i Off.lov § 13/ Forvalt.lov § 13, og legg den berre fram i møtet.

Deloitte skriv at oppstart vil vere i februar og rapporten vil vere klar for oversending innan utgangen av september 2018.

Sekretariatet meiner at utvalet bør kunne krevje at rapporten bør vere klår innan utgangen av august. Revisor vil då ha 6 månader på oppdraget. Høyring vil då måtte finne stad i august. Det skyldast at utvalet har sitt fyrste møte i haust den 11. september. Saksdokumenta vert sendt ut ei veke før, så rapporten må vere klår før det som er angitt. Rapporten vil då bli lagd fram for kommunestyret 1. oktober.

Neste møte for utvalet er 13. november og då vil rapporten ikkje bli lagd fram for kommunestyret før 17. desember, kor budsjettet vil ha hovudfokus.

Kontrollvalet må før endeleg bestilling ta stilling til om dei føreslåtte problemstillingane dekkjer det kontrollutvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Saksførebuing og vedtaksoppfølging i Sveio kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den/desse endring/ane:

- *rapporten må vere klår til utgangen av august 2018.*


Ramma vert sett til 250 timar.

Aksdal, 23.01.18



Toril Hallsjø

Daglig leiar/utvalssekretær



Forvaltningsrevisjon | Sveio kommune Saksførebuing og vedtaksoppfølging Prosjektplan/engagement letter

Januar 2018

«Forvaltningsrevisjon av
saksførebuing og vedtaksoppfølging
- prosjektplan »

Januar 2018

Prosjektplan utarbeidd for Sveio
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no

Innhold

1.	Føremål og problemstillingar	4
2.	Revisjonskriterium	5
3.	Metode	7
4.	Tid og ressursbruk	8

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i sak 16/17, 07.11.17, utarbeidd ein prosjektplan for forvaltningsrevisjon av saksførebuing og vedtaksoppfølging i Sveio kommune.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å vurdere om det er etablert system og rutinar som sikrar at politiske vedtak blir saksutgreia, registrert og iverksett. Det er også et føremål å undersøkje om kommunen har etablert tilstrekkeleg system og rutinar for rapportering knytt til vedtaksoppfølging.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad er det etablert system og rutinar som sikrar ei forsvarleg saksførebuing av politiske saker?
 - a) Er det etablert malar/sjekklistar som kan nyttast som støtte/hjelpemiddel i samband med utarbeiding av politiske saker?
 - b) I kva grad blir det gjennomført systematiske konsekvensanalysar i saksførebuingane (t.d. med omsyn til økonomi, miljø osv.)?
 - c) I kva grad blir det føreslått framdriftsplanar og fristar for gjennomføring i administrasjonen sine saksutgreiingar og forslag til vedtak?
 - d) Er det etablert retningslinjer for kvalitetssikring og godkjenning i prosessen med utarbeiding av politiske saker?
2. I kva grad har administrasjonen eit system for å sikre iverksetting, gjennomføring og oppfølging av politiske vedtak?
 - a) I kva grad er det etablert rutinar for å avklare/tolke politiske vedtak dersom noko framstår som uklart?
 - b) I kva grad er det etablert system for registrering av politiske vedtak, som også dokumenterer status for oppfølging eller iverksetting?
3. I kva grad blir det rapportert til politisk nivå om oppfølginga av vedtak og eventuelle avvik i høve planlagt framdrift?
 - a) Opplever politisk leiing og utvalsleiarar at dei har tilstrekkeleg oversikt over status når det gjeld iverksetting og oppfølging av vedtak?
 - b) I kva grad fører administrasjonen oversikt over eventuelle avvik knytt til oppfølging av politiske vedtak?
 - c) I kva grad har kommunen rutinar for å følge opp eventuelle avvik?
 - d) Er det etablert rutinar og retningslinjer som omtalar kva opplysningar rapportering til politisk nivå om vedtaksoppfølging skal innehalde?
 - e) Har kommunen rutinar for å gje tilbakemeldingar til politisk nivå dersom det oppstår uventa hendingar som påverkar iverksetting/oppfølginga av vedtaka?

1.3 Avgrensingar

Prosjektet tar for seg politiske vedtak fatta i kommunestyret og politiske utval. Administrative vedtak som er vedtatt etter delegeringsreglementet er ikkje omfatta av dette prosjektet.

2. Revisjonskriterium

2.1 Innleiing

Revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Revisjonskriteria under er ikkje utøymande for kva som kan vere relevant i forvaltningsrevisjonen. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere nødvendig for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.2 Kommuneleva

I kommunelova § 23 går det fram følgjande krav til administrasjonssjefen:

(...)

2. Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.

3. Administrasjonssjefen har møte- og talerett, personlig eller ved en av sine underordnede, i alle kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer med unntak av kontrollutvalget. (...)

I Ot.prp.nr.70 (2002-2003)¹ står følgjande kommentar til kravet om forsvarleg kontroll i kommunelova § 23:

«Selv om administrasjonssjefen etter kommuneloven i dag ikke eksplisitt er pålagt å etablere internkontroll, må ansvaret for slik kontroll regnes som en nødvendig del av administrasjonssjefens ledelsesansvar. Det er i tråd med allment aksepterte ledelsesprinsipper at en leder av en virksomhet etablerer rutiner og systemer som blant annet skal bidra til å sikre at organisasjonen når de mål som er satt, og at formuesforvaltningen er ordnet på forsvarlig måte.»

I Ot.prp.nr.70 (2002-2003) viser vidare til at internkontroll særleg er eit verktøy for leiinga, og

(...) er en integrert del av ledelsens styring av organisasjonen. Internkontroll defineres i videste forstand som en prosess, iverksatt og gjennomført av virksomhetens ledere og ansatte, med formål å sikre måloppnåelse på følgende områder:

- Målrettet og effektiv drift
- Pålitelig ekstern rapportering
- Overholdelse av gjeldende lover og regelverk.

2.3 KS om vedtaksoppfølging og forholdet mellom politikk og administrasjon

I KS sin rettleiar «Tillit» er det følgjande skildring av rådmannen sitt ansvar for å følge opp vedtak:

Rådmannen har ansvaret for at vedtak i folkevalgte organer blir fulgt opp. Rådmannen må bidra til å bygge tillit. Han eller hun må legge til rette for en god dialog, framskaffe en helhetlig og god styringsinformasjon til de folkevalgte og presentere informasjonen på en pedagogisk måte. Da kan de folkevalgte lettere tilegne seg en god forståelse av situasjonen.

(...)

Rådmannens oppgave er å fortolke og omsette vedtakene i praksis. Det er derfor viktig at politikerne er tydelige i vedtakene, selv om det kan være utfordrende. I situasjoner der det sannsynligvis er konstant knapphet på ressurser, vil det å velge nesten alltid innebære at man må velge bort noe annet. En fordel på ett område må som regel betales med en ulempe på et annet.²

¹ Ot.prp.nr.70 (2002-2003). Om lov om endringer i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner m.m. (kommunal revisjon).

² KS folkevalgtprogram 2015-2019 – «Tillit», s. 93

Av KS sin rettleiar «Tillit» går det vidare fram følgande:

Riktig og god informasjon om kommunens virksomhet og leveranser er en viktig betingelse for å kunne utøve effektiv og treffsikker politisk styring. Møteplasser for de folkevalgte og administrasjonen er viktig for å utveksle informasjon og å rapportere resultater. Rådmannen og ordføreren må gi løpende og god informasjon til hverandre. Tillit i systemer med mye delegering forutsetter at dere som folkevalgte har innsikt i og føler dere trygge på de vurderingene administrasjonen gjør fortløpende. Denne typen informasjon kan formidles både i formelle organer og på mer dialogpregede arenaer.³

KS gav i førre valperiode ut boka «Folkevalgt 2011-2015 i kommunen».⁴ Her går følgande fram om rådmannen si rolle når det gjeld å tolke bestillingar frå politikarane:

Når de folkevalgte har politisk kompliserte saker til behandling, kan det være lett å bli mindre presise i sine vedtak. Bestillingen kan bli utydelig. Rådmannens oppgave blir så å fortolke og omsette vedtaket til en faglig mulig oppgave.⁵

Vidare står det:

En rådmann må (...) søke intensjonen bak vedtaket – hva de folkevalgte ønsker å oppnå med sitt vedtak. Det er denne intensjonen som må formidles i organisasjonen og som rådmann løpende må vurdere for å finne grensesnittet for hva som er administrasjon og hva som er politikk.⁶

³ KS folkevalgtprogram 2015-2019 – «Tillit», s. 93

⁴ Kommuneforlaget 2011

3. Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar vil bli gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på mellom anna overordna planar og rapporteringar i kommunen, skildringar av rapporteringssystem, samt system, retningslinjer, rutinar og prosedyrar for vedtaksoppfølging bli henta inn og gjennomgått. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert i forhold til revisjonskriteria.

3.2 Intervju

Får å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervjuje utvalte personar frå Sveio kommune som er involvert i vedtaksoppfølging. Dette vil omfatte rådmann, kommunalsjefar, politisk leiing i kommunen (ordførar og varaordførar) samt utvalsleiarar. Vi tar sikte på å intervjuje om lag 6-7 personar i prosjektet.

3.3 Stikkprøvegjennomgang

Revisjonen vil gjennomføre stikkprøvar av 10 politiske vedtak frå kommunestyret og politiske utval for å vurdere oppfølginga av desse. Vedtaka vil veljast ut frå perioden 2016–2017.

3.4 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering. Det er informasjon frå dei verifisert intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til kommunen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Stein Ove Songstad er ansvarleg partner på oppdraget. I tillegg teamet bestå av prosjektleiar Kari Gåsemyr (manager) og prosjektmedarbeidar Kjersti Gjuvsland (seniorkonsulent). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon. Saman vil teamet utføre operativt arbeid i form av dokumentinnsamling, gjennomføring av intervju og stikkprøvar, analyse og utarbeiding av rapport.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 250 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.


Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere februar 2018 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av september 2018. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurd dokumentasjon innan dei fristar som blir sett, og at utvalde personar stillar til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Sveio kommune og Deloitte AS.

Bergen, 22. januar 2018



Stein Ove Songstad

Oppdragsansvarleg partner

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	30.01.18	3/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	217	

DELTAKING I SELSKAPSKONTROLL – KARMSUND HAVN IKS

Vedlegg: KPMG sin prosjektplan

Bakgrunn

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg vedtok i møtet 20.09.17, sak 38/17 at dei ønska lagt fram ei sak om tinging av selskapskontroll i Karmsund Havn IKS, og at eigarkommunane delte kostnadane for fellesprosjektet. Prosjektet er gjeve fyrsteprioritet i plan for selskapskontroll i alle dei fem kommunestyra på Haugalandet.

I overordna analyse blei Karmsund Havn IKS vurdert å ha høgast risiko av selskap Karmøy kommune eigar. Det blei peika på at det er knytte store verdjar til selskapet, og at selskapet har høge låneskyldnader. I tillegg ligg det føre potensiell negativ miljøpåverknad som kan føre til brot på forureiningslova.

Om selskapet

Eigarskapen er delt mellom følgjande seks kommunar:

Karmøy kommune	(38,46 %)	– revisoravtale m/KPMG
Haugesund kommune	(38,46 %)	– revisoravtale m/KPMG
Tysvær kommune	(7,69 %)	– revisoravtale m/KPMG
Bømlo kommune	(7,69 %)	– revisoravtale m/Deloitte
Sveio kommune	(3,85 %)	– revisoravtale m/Deloitte
Bokn kommune	(3,85 %)	– revisoravtale m/Deloitte

Som eit interkommunalt selskap har Karmsund Havn eit representantskap, kalla hamnerådet, som har seks medlemmer med varamedlemmer oppnemnt av kvar av dei seks eigarkommunane. Selskapets styre, kalt hamnestyret, har fem medlemmer og tre varamedlemmer.

Karmsund Havn IKS har pr i dag to dotterselskap: Garpeskjær Eiendom AS (50 %) og Garpeskjær Eiendom IS (50 %).

Selskapet har 21 medarbeidarar, der to er vikarar i Karmsund Havnevakt. Selskapet er delt i tre avdelingar: Økonomi- og administrasjonsavdeling, Maritim avdeling og Teknisk avdeling. I tillegg er det to stillingar i hamnedirektørens stab.

Kjerneverksemda definerast som drift av hamneområdet, og har ein klår synergi med kommunane si verksemd og politiske mål, som bidrar til å gjere regionen til ein attraktivt stad for næringsliv, busetting og turisme.

I løpet av få år har Karmsund Havn IKS gjennomgått ei betydeleg endring. Selskapet er blitt ein større og meir synleg tilretteleggjar av sjøbasert infrastruktur, i kombinasjon med forvaltning og kontroll av sjøtrafikken i eige hamneområde. Styrets mål er at selskapet tilbyr eit konkurransedyktig alternativ til transportnæringa og arbeider aktivt for å styrke tilbod og service innan kjerneområda: nasjonal og internasjonal gods-, container- og ro-ro-trafikk, offshore og fiskeri.

Eigarkommunane har utarbeida ein eigarstrategi for Karmsund Havn hausten 2016, og held eigarmøter kvart halvår, seinast 23.11.17 med omvising på Husøy.

Prosjektmandatet

Sekretariatet bad i brev av 10.10.17 om tilbod på prosjektplan frå både KPMG og Deloitte. Etter revisjonsavtalen/konkurransegrunnlaget er det tatt inn at utvala har rett til å kjøpe inn forvaltningsrevisjon og selskapskontroll frå andre enn leverandøren.

Innan fristen hadde både KPMG og Deloitte levert sine tilbod/ framlegg til prosjektplan. Det var i forkant ikkje sett kriterier for val av tilbod, men i brevet blei tatt inn at det var ønska framlegg til prosjektmandat, slik at utvalet kunne ta stilling til om kva selskap som har **den beste tilnærminga** til oppdraget.

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg vedtok i møtet 29.11.17, sak 49/17 følgjande:

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg bestiller selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med øvrige eierkommuner og tråd med det utkastet til prosjektplan som foreligger fra KPMG AS for alternativ 1 (obligatorisk eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon som vurderer drift og styring).

Rammen settes til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eierkommunene blir etter eierandel og fasthonorar eks. mva. i henhold til tilbud 17.11.17.

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg inviterer kontrollutvalget i Haugesund, Tysvær, Bømlo, Sveio og Bokn til å delta i felles selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i tråd med det utkast til prosjektplan som er valgt.

Bestillingen blir bare iverksatt under forutsetning av at Haugesund kontrollutvalg slutter seg til fellesprosjektet.

Tilbudet fra KPMG AS

KPMG gjer framlegg at formålet med selskapskontrollen er å undersøke «i hvilken grad kommunens eierinteresse i selskapet Karmsund Havn blir ivaretatt, og om selskapet har etablert system og rutiner for å sikre at selskapet har en forsvarlig drift og etterlever sentrale regelverk.»

Karmsund Havn har betydeleg breidde i sin hamneportefølje og ei rekkje verksemdsområde som omfattar ulike oppgåver. Med bakgrunn i Karmsund Havn si komplekse verksemd foreslår KPMG at selskapskontrollen vert gjennomført som ein utvida selskapskontroll som består av ein obligatorisk eigarskapskontroll, samt forvaltningsrevisjon som vurderer drift og styring av Karmsund Havn. Ved ein slik tilnærming vil kontrollutvala då gjennomføre obligatorisk eigarskapskontroll i samsvar med kommunelova, og gjennomføre kontroll av at selskapet har ein forsvarleg drift.

Alt. 1: Obligatorisk eierskapskontroll samt forvaltningsrevisjon

Obligatorisk eierskapskontroll

1. *I hvilken grad følger kommunen(e) opp sine eierinteresser i Karmsund Havn IKS, i samsvar med*

- a. eierkommunenenes **eierstrategi** for selskapet?*
- b. krav og normer til godt eierskap?*

2. *Hva er årsaker til eventuell manglende etterlevelse hos kommunen(e)?*

Frivillig forvaltningsrevisjon

3. *I hvilken grad har Karmsund Havn IKS etablert system og rutiner som bidrar til å sikre en **økonomisk forsvarlig drift** av selskapet?*

- a. Har selskapet etablert rutiner for å utarbeide og følge opp budsjetter?*
- b. Gjennomfører selskapet risikovurderinger i forbindelse med større investeringer?*
- c. Har selskapet etablert rutiner for å utarbeide og følge opp budsjett i større prosjekter?*
- d. Har selskapene hatt en økonomisk utvikling i samsvar med uttrykte forventninger fra eierne?*

4. *I hvilken grad har selskapet etablert et **system og rutiner** for å bidra til å sikre at selskapet etterlever alle lover og regelverk som gjelder for selskapet?*

5. *I hvilken grad har selskapet etablert retningslinjer/rutiner for å **anskaffelser** og kontraktsoppfølging?*

6. *I hvilken grad har selskapet etablert en prosjekthåndbok eller tilsvarende som regulerer selskapets styring av **investeringsprosjekter**?*

7. *I hvilken grad har selskapet system og rutiner som bidrar til å ivareta systematisk **helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid** i samsvar med krav i internkontrollforskriften?*

8. *I hvilken grad har selskapet system og rutiner som bidrar til å sikre **miljøvern**?*

9. *I hvilken grad har selskapet gjennomført ROS-analyse og utarbeidet **beredskapsplan** i samsvar med beredskapsforskriften?*

For dette arbeidet har KPMG estimert at dei vil bruke **180 timer** på oppdraget, fordelt på hovedaktivitetane: førebuingar, oppstart, gjennomføring og rapportering. I estimert fremdriftsplan og timetal vil det bli tatt omsyn til at fleire kommunar vil delta.

Prosjektet er tenkt å starte opp i januar 2018. Med tilgang på data og personell i januar, vil datainnsamling – og analyse bli gjennomført i løpet av våren 2018.

I prosjektplanens kapittel 3 har KPMG presentert sin metodikk, framdriftsplanar, honorar og prosjektteamet med deira CV-er, med utdanning, arbeidserfaring og tidlegare prosjekterfaring.

Pris for oppdraget er unntatt offentlighet med henvisning til offentleglova § 23.3, der det er unnatak for innsyn for tilbod etter regelverket om offentlige innkjøp, fram til val av leverandør er gjort (utsatt innsynsrett).

Budsjett

Budsjettert ramme for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er ca. 250 timer pr år ut i frå det kommunestyret truleg for budsjett for 2018 og etter prisjustering etter avtale. Det vert lagt i dette møtet også opp til en bestilling av et nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt med 250?? timer i 2018.

Det blei i vedtaket til Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg gått ut frå at også Haugesund kommune (med same eigardel som Karmøy) stilte seg bak prosjektet. Samla utgjør dei nesten 77 % av eigardelane. Dersom alle eigarane deltar i prosjektet vil **Sveio kommune** sin del utgjere **3,85 %** av totale kostnader eller **7 timer av 180 timer**. Dette utgjør liten del av det som er sett av i budsjettet for 2018.

Oppstart er tenkt nyåret med overlevering av rapport i juni. Rapport vil då bli lagt fram for kontrollutvala til handsaming til fyrste i møte i august/september, og det vert lagt opp til handsaming i kommunestyret i hausten 2018.

Kontrollutvalet vil i denne saka få innsikt i dei problemstillingane som ein ønskjer å oppnå med prosjektet. Ein føresetnad for gjennomføring av prosjektet bør som nemnt vere at dei andre eigarkommunane også fattar vedtak om å delta.

Bokn kontrollutval blei i møtet 18.10.17, sak 15/17 varsla om at Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg har tatt initiativ til ein samordna selskapskontroll av Karmsund Havn IKS. Utvalet var samd i at ein kommande sak til utvalet kan bli gjort med skriftlig sakshandsaming. Utvalet skal ha sitt neste møte den 28.02.18 og prosjektplanen vil bli presentert då.

Sveio kontrollutval vedtok i møtet 07.11.17, sak 16/17 samrøystes følgjande:

Sveio kontrollutval er positiv til ein invitasjon til felles selskapskontroll om Karmsund Havn IKS. Sveio kontrollutval gjer utvalsleiar fullmakt til å godkjenne den prosjektplan som Karmøy kontroll- og kvalitetsutval vel.

Sekretariatet vel å leggje saka fram for heile utvalet til møtet 30.01.18, saman med prosjektplanen.

Haugesund kontrollutval blei i møtet 28.11.17, under referatsak 34/17, pkt. 47 orientert om invitasjon, men valte å ha eige sak i neste møte, kor prosjektmandatet frå KPMG er vedlagt. Innstillinga til møtet 30.01.18, sak 4/18 er følgjande:

